

DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Postboks 373, 4349 Bryne

18.10.06

dotk 314

Saksnr. 200606109 20.10.06
Kode Mi-501

Stavanger bispedøme, Undheim sokneråd, 18.10.2006

HØYRINGSUTTALE "STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA"

Undheim sokneråd sluttar seg i hovudsak til fleirtalet i Gjønnnes-utvalet si innstilling, men vi kome med fylgjande kommentarar:

KYRKJEORDNING

Undheim sokneråd støttar fleirtalet i utvalet om ei lovforankra folkekyrkje. Noverande reglar om statskyrkja i grunnlova vert oppheva. Dnk får eit større sjølvstende som trudomssamfunn, og blir "herre i eige hus", noko som er lettare å forsvare reint teologisk. Samstundes kan ein halde på den historiske kontinuiteten som folkekyrkje. Ein slik prosess vil over tid vere meir samlande enn eit klart brot mellom stat og kyrkje. Dnk får ei særleg tilknytning til staten ved at Stortinget vedtek ei eiga rammelov/kyrkjelov for Dnk. Vi ser på ei lovforankra folkekyrkje som ei avvikling av statskyrkja.

FINANSIERING

Undheim sokneråd støttar seg og her til fleirtalet i utvalet. Offentlege løyvingar må stå for hovudfinansieringa av kyrkja, med statlege tilskot som dekker utgifter til løn og tilknytte personalkostnader. Kommunale tilskot må dekke bygningar, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg. Det bør og vurderast andre finansieringsordningar, t.d. medlemsbidrag.

GRAVFERDSFORVALTNINGA

Hovudprinsippet må vera at Dnk har ansvar for gravferdsforvaltninga (mindretalet i utvalet si innstilling). Gravplasser som ligg i direkte tilknytning til kyrkjebygg bør framleis kallast kyrkjegard. Det må leggjast til rette for at alle trussamfunn kan nytta gravplassen.

KYRKJEBYGG

Sokna skal ha eigedomsrett over lokale kyrkjebygg. Korkje kommunane eller Dnk sentralt kan eige kyrkjebygg. For freda og verneverdige kyrkjebygg bør det opprettast eigne finansieringsordningar.

VALORDNINGAR OG DEMOKRATI


Ved overgang til ei lovforankra folkekyrkje, vil kyrkja sine valde organ ta over ansvaret som i dag ligg hos det statlege kyrkjestyret. Valordning til kyrkjelege råd og utval blir som i dag, men det kan vurderast ein viss grad av direkte val til bispedømmeråd (eller kyrkjeråd?)

ARBEIDSGJEVARANSVAR

Kyrkja bør ha ei ordning med felles arbeidsgjevaransvar. Både dette spørsmålet og organiseringa av Dnk vert utgreia internt i kyrkja.

For Undheim sokneråd

Hanne Brit Sandsmark
Hanne Brit Sandsmark
sekretær



Postadresse
Postboks 373
4349 Bryne

Parkvn. 2
4340 Bryne

Telefon: 51 77 03 77
Telefaks: 51 77 03 60

Kontortider kyrkjekontoret
Måndag - fredag 09.00 - 14.00
e-post: undheim.soknerad@time-kyrkja.no
heimeside: www.time-kyrkja.no

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: **UNDHEIM SOKNERÅD**

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Tros- og livssynsfriheten skal og må sikrest rettsleg og ved ei reell likebehandling.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare